



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	14.06.2016
Tid:	13:30 – 20:10

Medlemer som møtte:

Arnulf Goksøyr	Leder	H
Camilla Storøy	Nestleder	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Svein Gjelseth	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Ann-Kathrin (Tine) Storøy	MEDL	H
Reidun S Myrvågnes	MEDL	AP

Varamedlemer som møtte:

Margaret Leinebø	Ann-Kathrin (Tine) Storøy	H
Leiv Aarflot	Reidun S Myrvågnes	AP

Andre:

Konst.rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Politisk sekretær Hilde B. Skinnes
NAV-leiar Jarle Stordal
Eigedomsleiar Robert Myklebust
Planleggar Ole Magne Rotevatn

Økonomileiar Geir Egil Olsen
Leiar for Utviklingsavdelinga Jarl Martin Møller
Leiar for Kulturavdelinga Eileen Gjerde

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde: Solveig Helen N. Båtsvik og Leiv Aarflot

Ingen hadde merknad til at F-sak 121/16 vart handsama før F-sak 120/16.

Camilla Storøy fekk permisjon og gjekk frå møtet etter handsaming av F-sak 128/16.

Skriv delt ut i møte:

Vedlegg i F-sak 146/16 – Tilbod om kjøp av næringsareal datert 06.05.16 og kart.

U.off. §13 – Saksframlegg F-sak 147/16 - Søknad om startlån til refinansiering

U.off. §26 – Vedlegg i F-sak 120/16 – Søknad om serverings- og/eller skjenkeløyve

E-sak 21/16 – Planbehov i Herøy kommune 2016-2020

RFF-sak 7/16 – Planbehov i Herøy kommune 2016-2020

KN-sak 48/16 – Intensjonsavtale for etablering av jektenaust med tilhørende formidlingsbygg

Orienteringar:

NAV-leiar Jarle Stordal, eigedomsleiar Robert Myklebust og planleggar Ole Magne Rotevatn orienterte om prosjekt tiltakspakken 2016. Formannskapet bestiller sluttrapport.

Ordføraren orienterte om val til styret i Runde Miljøbygg og ny sak som vil kome i forkant av neste generalforsamling.

Til slutt i møtet orienterte ordføraren om «Rig Pilot».

Solveig Helen N. Båtsvik

Arnulf Goksøyr

Leiv Aarflot

underskrifter

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 114/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 115/16	Protokoll frå førre møte
PS 116/16	Referatsaker
PS 117/16	Budsjettrundskriv. Budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020.
PS 118/16	Finansrapport per 30.04.2016
PS 119/16	Vidareføring av redusert opningstid rådhuset.
PS 120/16	Søknad om serverings- og skjenkeløyve- Skotholmen
PS 121/16	Alkoholpolitisk plan 2016-2020
PS 122/16	Kommunereform 2016 - endeleg vedtak
PS 123/16	Prosjekt 61504 - Herøy ressurscenter - byggeprogram
PS 124/16	Standard for bruk av skjønn i vederlagsutrekning for langtidsopphald i sjukeheim
PS 125/16	Prosjekt 61603 - Ny barneskule på Bergsøy - byggeprogram
PS 126/16	Planbehov i Herøy kommune 2016-2020
PS 127/16	Budsjettkontroll per 30.04.2016
PS 128/16	Godkjenning av kommunerekneskapen for 2015
PS 129/16	Disponering av det rekneskapsmessige mindreforbruket i driftsrekneskapen for 2015
PS 130/16	Tertialrapport drift per 01.05.2016.
PS 131/16	Tertialrapport plan og prosjekt per 01.05.2016
PS 132/16	Årsrapport 2015.
PS 133/16	Justering av eigardel - Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS

PS 134/16	Omlegging og reparasjon av Myrabekken - Avlastingskanal mot Storeelva, reparasjon Myrabekken og tiltak i Storeelva - Vedtak auka distriktsdel til NVE
PS 135/16	Ladestasjonar for elbil - behov for ekstra løyving
PS 136/16	Vike/Toftedal - behov for ekstra løyving
PS 137/16	Økonomisk avslutning av prosjekt 51600 - Rassikring i Huldalen
PS 138/16	Økonomsik avslutning av prosjekt 51304 - kai ved Strandteigen
PS 139/16	Økonomisk avslutning av prosjektnr 51361 - Avlaupsanlegg Almenningen
PS 140/16	Økonomisk avslutning av prosjekt 51155 Leidningsanlegg Eggesbønes.
PS 141/16	Prosjekt 61604 - Ny hovudbrannstasjon og driftsbasis - byggeprogram
PS 142/16	Prosjekt 61508 - Herøy kulturhus og idrettshall - byggeprogram
PS 143/16	Einedalen skule - Byggeprogram for idrettshall, fleirbrukshall
PS 144/16	Intensjonsavtale for etablering av jektenaust med formidlingsbygg for sunnmørsjekta "Anna Olava"
PS 145/16	Detaljreguleringsplan for Stokksund B33 - Slutthandsaming
PS 146/16	Gnr 38 Bnr 1 - Grunnerverv av industriområde
PS 147/16	U.off. §13 Søknad om startlån til refinansiering

	Referatsaker
RS 38/16	Status TV-aksjonen i Herøy
RS 39/16	Protokoll frå kontrollutvalsmøte 30.05.2016
RS 40/16	Protokoll årsmøte 2015 Destinasjon Ålesund & Sunnmøre
RS 41/16	Høyringsvar - Tine Meieriet Ørsta
RS 42/16	Søknad om dispensasjon frå lov om helgedagar og helgedagsfred - Coop Marked Moltu
RS 43/16	Sunnmøre regionråd IKS - Årsmelding og rekneskap for 2015 samt strategi for perioden 2016-2019
RS 44/16	Årsmelding og rekneskap 2015 samt protokoll frå styremøte i SSL

PS 114/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 115/16 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre

PS 116/16 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande

PS 117/16 BUDSJETTTRUNDSKRIV. BUDSJETT 2017 OG ØKONOMIPLAN 2017-2020.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding med slikt tillegg vart samrøystes vedteken:

«Formannskapet og rådmannen si leiargruppe drøftar budsjettet i fellesmøte i september»

Vedtak i Formannskapet - 14.06.2016

Formannskapet sluttar seg til opplegget i budsjetttrundskrivet slik det ligg føre.

Formannskapet og rådmannen si leiargruppe drøftar budsjettet i fellesmøte i september.

PS 118/16 FINANSRAPPORT PER 30.04.2016

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen orienterte

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016

Saka vert teken til vitande.

PS 119/16 VIDAREFØRING AV REDUSERT OPNINGSTID RÅDHUSET.

Møtebehandling:

Leiar for Servicetorget Wenche Moltu møtte.

Ap, Svein Gjelsest kom med slikt nytt framlegg:

Formannskapet vedtek å tilbakeføre tidlegare opningstid for rådhuset/Servicetorget frå 1. september 2016.

Ap, Svein Gjelsest sitt framlegg vart vedteke mot 2 røyster. Krf, Ole Brubakk og Krf, Camilla Storøy røysta for rådmannen si tilråding.

Vedtak i Formannskapet - 14.06.2016

Formannskapet vedtek å tilbakeføre tidlegare opningstid for rådhuset/Servicetorget frå 1. september 2016.

PS 120/16 SØKNAD OM SERVERINGS- OG SKJENKELØYVE- SKOTHOLMEN

Møtebehandling:

U.off. §26 – Vedlegg i F-sak 120/16 – Søknad om serverings- og/eller skjenkeløyve vart delt ut i møtet.

Leiar for Servicetorget Wenche Moltu orienterte.

Formannskapet kom med slikt nytt punkt 5:

«Skjenkeløyve etter gjeldande plan fram til 30.09.16. Skjenkeløyve etter ny plan frå 01.10.16»

Det vart røysta punktvis:

Punkt 1 vart samrøystes vedteke

Punkt 2 vart vedteke mot 1 røyst. KrF, Ole Brubakk røysta mot av alkoholpolitiske årsaker

Punkt 3 vart vedteke mot 1 røyst. KrF, Ole Brubakk røysta mot av alkoholpolitiske årsaker

Punkt 4 vart samrøystes vedteke

Punkt 5 vart vedteke mot 1 røyst. KrF, Ole Brubakk røysta mot av alkoholpolitiske årsaker

Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016

Formannskapet vedtek at Kami Skotholmen AS med org.nr. 916909233 får:

1. Serveringsløyve for restaurant ved Skotholmen. Arealet gjeld heile holmen. Ole Johnny Hjelmseth vert godkjent som styrar for serveringsløyvet.
2. Skjenkeløyve slik:
 - ☐ ☐ Varegruppe 1 og 2 skal vere avgrensa til mellom kl 10.00 og kl 01.00 søndag - torsdag, og mellom kl 10.00 og kl 02.30 fredag og laurdag.
 - ☐ ☐ Varegruppe 3 : kl 13.00 og kl 01.00 alle dagar.
 - ☐ ☐ Skjenketida vert sett til kl 02.30 i romjula (2. Juledag – 1. Nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter Palmesøndag til 2. Påskedag).
 - ☐ ☐ Alkoholhaldig drikk må vere konsumert seinast 30 min etter at skjenketida er slutt.
 - ☐ ☐ Skjenketid for uteareal gjeld gruppe 1, 2 og 3 (starttid 13.00) i tida fram til kl 01.00 alle dagar.
3. Ole Johnny Hjelmseth vert godkjent som styrar for skjenkeløyvet med Magnus Bergseth som stedfortredar.
4. Serverings- og skjenkearealet gjeld heile Skotholmen ved normal restaurantdrift. Ved større arrangement er serverings- og skjenkeareal avgrensa til å gjelde området som er avmerka i kart i søknaden og skildra som område med betong.
5. Skjenkeløyve etter gjeldande plan fram til 30.09.16. Skjenkeløyve etter ny plan frå 01.10.16.

Vedtaket er gjort med heimel i serveringslova § 3 og alkohollova §§ 1-7 og 4.

PS 121/16 ALKOHOLPOLITISK PLAN 2016-2020

Møtebehandling:

Leiar for Servicetorget Wenche Moltu orienterte.

Ap, Svein Gjølseth kom med slik nytt punkt:

«Delegasjonsløyve til rådmann i høve skjenkesaker vert trekt attende.

Formannskapet skal ta stilling til slike søknadar»

Framlegg frå Ap, Svein Gjølseth vart vedteke mot 3 røyster. (H) Margareth Leinebø, (FrP) Solveig H. Båtsvik, (Folk/Sp) Kjell Runde røysta mot.

Rådmannen si tilråding med nytt punkt 6 vart vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016

Kommunestyret vedtek:

1. Alkoholpolitisk plan for 2016-2020. Planen vert gjeldande frå 01.10.2016.
2. Alkoholpolitisk plan for 2012 – til 2016 vert vidareført fram til 01.10.2016
3. Gjeldande skjenkeløyve, for dei som har søkt om forlenging, vert vidareført fram til 01.10.2016
4. Gjeldande salsløyver, for dei som har søkt om forlenging, vert vidareført fram til 01.10.2016
5. Inndraging av skjenkeløyve skal handsamast i formannskapet.
6. Delegasjonsløyve til rådmann i høve skjenkesaker vert trekt attende.
Formannskapet skal ta stilling til slike søknadar

Vedtaket er gjort med heimel i alkohollova §§ 1-7 c, kapittel 3 og 4

PS 122/16 KOMMUNEREFORM 2016 - ENDELEG VEDTAK

Møtebehandling:

Ap, Svein Gjelseth kom med slikt nytt framlegg:

«Kommunestyret bed ordførar om å ta kontakt med Sande kommune for vidare drøftingar om samanslåing av Sande og Herøy»

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 3 røyster. (Ap) Svein Gjelseth, (Ap) Leiv Aarflot og (Ap) Per Kristian Furø røysta for framlegget til Ap, Svein Gjelseth.

Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016

Kommunestyret vedtek å fortsetje som eiga kommune.

PS 123/16 PROSJEKT 61504 - HERØY RESSURSSENTER - BYGGEPROGRAM

Møtebehandling:

Eit samrøystes formannskap ber administrasjonen utarbeide prisestimat.

Saka vart utsatt.

PS 124/16 STANDARD FOR BRUK AV SKJØNN I VEDERLAGSUTREKNING FOR LANGTIDSOPPHALD I SJUKEHEIM

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016

Herøy kommune legg § 3 i «Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester» til grunn i behandling av saker om vederlagsutrekning for langtidsopphald i sjukeheim, og vil ikkje bruke utvida skjønn i saker der det er snakk om redusert vederlag på store inntekter.

PS 125/16 PROSJEKT 61603 - NY BARNESKULE PÅ BERGSØY - BYGGEPROGRAM

Møtebehandling:

Eit samrøystes formannskap ber administrasjonen utarbeide prisestimat.

Saka vert utsatt.

PS 126/16 PLANBEHOV I HERØY KOMMUNE 2016-2020

Møtebehandling:

Leiar for Utviklingsavdelinga Jarl Martin Møller orienterte.

Tilråding frå Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vart delt ut.

Formannskapet kom med slik ny tilråding:

- Herøy kommune bør samordne samfunnsdelen sin handlingsdel og økonomiplanen.
- Herøy kommune vil vurdere å oppheve eldre reguleringsplanar som ikkje er realisert.
- Herøy kommune vil delta i interkommunale plansamarbeid der Herøy har interesser

Vedtak i Formannskapet - 14.06.2016

- Herøy kommune bør samordne samfunnsdelen sin handlingsdel og økonomiplanen.
- Herøy kommune vil vurdere å oppheve eldre reguleringsplanar som ikkje er realisert.
- Herøy kommune vil delta i interkommunale plansamarbeid der Herøy har interesser

PS 127/16 BUDSJETTKONTROLL PER 30.04.2016

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016

Kommunestyret viser til sitt vedtak i K-sak 174/14 og ber om at avdelingane framleis skal vere forsiktige med vikarbruken framover og at ein minimerer andre utgifter der det er mogeleg.

PS 128/16 GODKJENNING AV KOMMUNEREKNESKAPEN FOR 2015

Møtebehandling:

Formannskapet kom med slikt samrøystes tilleggspunkt:
(driftsrekneskap med eit mindreforbruk på NOK 7.272.551,02)

Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016

Herøy kommune sitt årsrekneskap for 2015 vert godkjent slik det går fram av saksdokument og vedlegg (driftsrekneskap med eit mindreforbruk på NOK 7.272.551,02).

PS 129/16 DISPONERING AV DET REKNEKAPSMESSIGE MINDREFORBRUKET I DRIFTSREKNEKAPEN FOR 2015

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016

Det rekneskapsmessige mindreforbruket i driftsrekneskapen for 2015, kr 7.272.551,02, vert nytta til å styrke kommunen sine disposisjonsfond.

Konto 15400/9017/880 Avsett til disposisjonsfond – opp NOK 7.272.551,02

PS 130/16 TERTIALRAPPORT DRIFT PER 01.05.2016.

Møtebehandling:

Leiar for IKT Guro Gausemel orienterte om situasjonen ved IKT-avdelinga.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016

Kommunestyret har ikkje merknader til tertialrapporten slik han ligg føre.

PS 131/16 TERTIALRAPPORT PLAN OG PROSJEKT PER 01.05.2016

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016

Kommunestyret har ikkje merknader til tertialrapporten slik han ligg føre.

PS 132/16 ÅRSRAPPORT 2015.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016

Årsrapport 2015 vert godkjend.

PS 133/16 JUSTERING AV EIGARDEL - INTERKOMMUNALT ARKIV FOR MØRE OG ROMSDAL IKS

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016

Endring av eigardelar i Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS, organisasjonsnummer 982330459.

Herøy kommunestyre godkjenner endring av eigardelar i

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS i samsvar med vedtak i representantskapet i selskapet i sak 9 den 14. april 2016.

§5 i selskapsavtalen lyder etter endringa:

§ 5 Innskotsplikt og eigardel

Deltakarane betalar årleg inn midlar til drift av selskapet i samsvar med vedtak i representantskapet.

Grunnlaget for utrekninga av driftstilskotet skal vere folketalet ved siste årsskifte og ein fordelingsnøkkel som blir fastlagt av representantskapet. For deltakarar som ikkje kan leggje folketal til grunn, og for nye deltakarar, skal innskotet fastsetjast av representantskapet.

Oppgåve over kostnader og fordeling av desse på den enkelte deltakar skal ligge ved selskapsavtalen, og må vedtakast særskilt av kvar enkelt deltakar.

Eigardelen for kvar deltakar blir fastsett slik det går fram av vedlagte oppstilling over eigardel og deltakarinnskot. Eigardelen er utrekna i prosent og gjev slik fordeling:

1502 Molde	6,156
1504 Ålesund	10,141
1505 Kristiansund	5,717
1511 Vanylven	1,483
1514 Sande	1,344
1515 Herøy	2,621
1516 Ulstein	2,513
1517 Hareid	1,868
1519 Volda	2,634
1520 Ørsta	2,960
1523 Ørskog	1,294
1524 Norddal	1,163
1525 Stranda	1,750
1526 Stordal	1,038
1528 Sykkylven	2,362
1529 Skodje	1,754
1531 Sula	2,617
1532 Giske	2,446
1534 Haram	2,666
1535 Vestnes	2,151
1539 Rauma	2,326
1543 Nasset	1,426
1545 Midsund	1,250
1546 Sandøy	1,087
1547 Aukra	1,535
1548 Fræna	2,769
1551 Eide	1,525
1554 Averøy	1,994
1557 GJEMNES	1,351
1560 Tingvoll	1,452
1563 Sunndal	2,260
1566 Surnadal	2,023
1567 Rindal	1,240
1571 Halså	1,143
1573 Smøla	1,261
1576 Aure	1,538
1500 Møre og Romsdal fylkeskommune	17,142

Sum	100,00
-----	--------

Eigardelen blir justert kvart fjerde år ut frå folketalet, første gong i 2004. Eigardelen skal likeeins justerast ved inn- og utmelding.

PS 134/16 OMLEGGING OG REPARASJON AV MYRABEKKEN - AVLASTINGSKANAL MOT STOREELVA, REPARASJON MYRABEKKEN OG TILTAK I STOREELVA - VEDTAK AUKA DISTRIKTSDEL TIL NVE

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016

1. Herøy kommunestyre vedtek å dekke 20% distriktsdel i høve omlegging og reparasjon av Myrabekken på Moltustranda. Kostnaden med tiltaket er 380.000 kroner eks. mva og vert finansiert ved bruk av ubunde kapitalfond.
2. Ordfører får fullmakt til å underskrive oppdatert skjema for kommunevedtak på vegne av kommunen.

PS 135/16 LADESTASJONAR FOR ELBIL - BEHOV FOR EKSTRA LØYVING

Møtebehandling:

Leiar for Utviklingsavdelinga Jarl Martin Møller orienterte.

Ap, Svein Gjelseth kom med slikt nytt framlegg:

«Herøy kommunestyre bed om at det vert gjennomført ei behovsundersøking før ein tek endeleg avgjerd i denne saka»

H, Arnulf Goksøyr kom med slikt nytt framlegg:

Alternativ B: Delvis utbygging. Kommunen bygg ut ladestasjonar berre på Myrvåg og Sunnmørsbadet. Total kostnad 385 000 kr. Behov for ekstra midlar er 225 000 kr. Ladepunkt i sentrum v/ Rådhuset vert utsatt på ubestemt tid.

Framlegget frå Arnulf Goksøyr vart vedteke mot 2 røyster. (Ap) Per Kristian Furø og (AP) Svein Gjelseth røysta for Svein Gjelseth sitt framlegg.

Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Prosjektet vert godkjent med ny ramme på totalt 385 000 kr.
- Prosjektet vert tilført nye midlar, 225 000 kr, ved at ein omdisponerer pengar frå prosjekt 51916 "Leine-Trolldalen 2".

PS 136/16 VIKE/TOFTEDAL - BEHOV FOR EKSTRA LØYVING

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Prosjektet vert godkjent med ny ramme på totalt 1 700 000 kr.
- Prosjektet vert tilført nye midlar, 950 000 kr, ved at ein omdisponerer pengar frå prosjekt 51916 "Leine-Trolldalen 2".

PS 137/16 ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKT 51600 - RASSIKRING I HULDALEN

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalforbruk på kr 342 132,08
2. Mindreforbruk på kr 21.573,58 vert tilbakeført til unyttta lånemidlar.

PS 138/16 ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKT 51304 - KAI VED STRANDTEIGEN

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016

1. Herøy kommune godkjenner prosjektrekneskapen for prosjektnr. 51304 slik den ligg føre i saksutgreiinga.
1. Meirforbruk på kr. 391.195 vert å finansiere ved auka låneopptak

**PS 139/16 ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKTNR 51361 -
AVLAUPSANLEGG ALMENNINGEN**

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016

1. Herøy kommune godkjenner rekneskapen for prosjekt 51361 Avlaupsanlegg Almenningen med eit totalforbruk på kr 3.554.999.
2. Finansiering er over tidlegare løyvde midlar på kloakkrammeplanen

**PS 140/16 ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKT 51155 LEIDNINGSANLEGG
EGGESBØNES.**

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalforbruk på kr. 3.616.174,-
2. Prosjektet er finansiert med tidlegare løyvingar til klokkrammeplanprosjekt.

**PS 141/16 PROSJEKT 61604 - NY HOVUDBRANNSTASJON OG DRIFTSBASE -
BYGGEPROGRAM**

Møtebehandling:

Eit samrøystes formannskap ber administrasjonen utarbeide prisestimat.

Saka vert utsatt.

**PS 142/16 PROSJEKT 61508 - HERØY KULTURHUS OG IDRETTSHALL -
BYGGEPROGRAM**

Møtebehandling:

Eit samrøystes formannskap ber administrasjonen utarbeide prisestimat.

Saka vert utsatt.

PS 143/16 EINEDALEN SKULE - BYGGEPROGRAM FOR IDRETTSHALL, FLEIRBRUKSHALL

Møtebehandling:

Eit samrøystes formannskap ber administrasjonen utarbeide prisestimat.

Saka vert utsatt.

PS 144/16 INTENSJONSAVTALE FOR ETABLERING AV JEKTENAUST MED FORMIDLINGSBYGG FOR SUNNMØRSJEKTA "ANNA OLAVA"

Møtebehandling:

KN-sak 48/16 – Intensjonsavtale for etablering av jektenaust med tilhøyrande formidlingsbygg vart delt ut i møtet.

Leiar for Kulturavdelinga Eileen Gjerde orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016

1. Herøy kommunestyre gir si tilslutning til å utvikle Herøy kystmuseum gjennom eit prosjekt for etablering av naust til sunnmørsjekta «Anna Olava», med tilhøyrande formidlingsbygg.
2. Herøy kommune og Stiftinga Sunnmøre Museum inngår ein intensjonsavtale som grunnlag for prosjektet. Ordførar gis mynde til å signere intensjonsavtalen på vegne av kommunen.

PS 145/16 DETALJREGULERINGSPLAN FOR STOKKSUND B33 - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016

Herøy kommunestyret godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova §12-12, *detaljreguleringsplan for Stokksund B33* datert 12.4.2016 og tilhørende føresegner datert 9.5.2016

PS 146/16 GNR 38 BNR 1 - GRUNNERVERV AV INDUSTRIOMRÅDE

Møtebehandling:

Vedlegg i F-sak 146/16 – Tilbod om kjøp av næringsareal datert 06.05.16 og kart vart delt ut i møtet.

Leiaren for Utviklingsavdelinga Jarl Martin Møller orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016

1. Herøy kommunestyre godkjenner grunnavtale med gnr 38 bnr 1.
2. Grunnkjøpa vert finansiert med midlar avsett til grunnkjøp i budsjett for 2016.

PS 147/16 SØKNAD OM STARTLÅN TIL REFINANSIERING

MØTET SLUTT!